

Berekraftsstrategi 2025



Me gjer Sogn til en enno betre plass å bu og vekse opp i.

Sogn Sparebank er oppteken av å vere ein medspelar i og for lokalmiljøet. Me er ein lokalbank som er styrt frå Sogn, og det er viktig for oss å gje tilbake til lokalsamfunna.

Me har i alle år delt ut ein del av overskotet i form av gåvemidlar til ålmennyttige tiltak, me sponsar organiserte aktivitetar for born og unge, og me er ein stor bidragsytar for festivalar og arrangement i vårt område. I tillegg jobbar me tett på næringslivet, og kjenner både kundar og samfunna godt. Det gode arbeidet skal me fortsetja med, og bli enno betre på.

Me vil prioritera fokus på berekraft og miljø, og me skal bruka dei komande månadene til å oppdatera og kvalitetssikre retningslinjer, policydokument og rapportering. Dei viktigaste måla framover er å bli miljøfyrtårnsertifisert, og etablere grønne lån- og spareprodukt.

Organisering av bærekraftsarbeidet



Berekraftstrategien er ein støttestrategi for hovudstrategien vår. Den blir vedtatt i styret, og årleg evaluert.

Sogn Sparebank har i 2024 oppretta rolla som berekraftsansvarleg, som leier den nyetablerte tverrfaglege berekraftsgruppa.

Berekraftsgruppa har ansvar for å utarbeide berekraftsstrategien. På grunnlag av den skal det utarbeidast tilhøyrande mål- og tiltaksplan. Berekraftsgruppa har ansvaret for at planen blir fulgt og holdt oppdatert med nye mål og tiltak. Berekraft skal integrerast i styringsdokumenta i banken, og skal være ein naturleg del av banken si verksemd.

Berekraft står høgt på vår agenda

Sogn Sparebank har definert 4 områder der ein særleg kan påverke



Likestilling mellom kjønnna

UN Berekraftmål Nr. 5



MÅL

Utjamna kjønnsfordelinga i selskapet, spesielt på leiarnivå.

Kjønnsbalanse i leiande stillingar – mål om 50%

Styrke kompetanseutvikling og karrieremoglegheiter for alle tilsette.

Gjere det mogleg å kombinere familieliv og karriere.

TILTAK

Signering av Kvinner i Finans charter:

- Medlemmer i leiargruppa med ansvar for kjønnsbalanse og inkludering
- Forplikta til å setja mål og rapportere på dei

Fleksibel arbeidstid tilpassa livssituasjonar til dei tilsette

- Tilrettelegging for levering og henting i skule og barnehage
- Fleksitid
- Sommararbeidstid

Utdanningsstipend og lesetid ved vidareutdanning

Anstendig arbeid og økonomisk vekst

UN Berekraftmål Nr. 8



MÅL

Nulltoleranse for økonomisk kriminalitet og aktivt arbeid med å hindre kvitvasking og terrorfinansiering.

Sikre riktig kompetanse for å bidra til omstilling gjennom vidareutdanning og kompetanseheving.

Gjennomføre regelmessige medarbeidarundersøkingar og implementere tiltak basert på tilbakemeldingane frå våre tilsette.

TILTAK

Fagområde for AHV og svindel i Sogn Sparebank rapporter regelmessig til styret og administrasjonen, og held seg oppdatert på fagleg utvikling.

Aktivt tilbud til kurs og vidareutdanning, og rapportering av gjennomførte utdanningstiltak.

Bedriftsavtale mellom administrasjonen og dei tillitsvalde som sikrar gode vilkår tilpassa behova til våre tilsette.

Berekraftige byar og lokalsamfunn

UN Berekraftmål Nr. 11



MÅL

Vere til stades for kundane og tilby relevant rådgjeving – tryggleik og nærheit.

Vidareføre arbeidet med gåvefond og sponsormidlar til lokale allmenntilgjengelege føremål.

Tilby grønne bustadlån og grønne tiltakslån for å bidra til redusert klimautslepp i lokalsamfunnet.

TILTAK

Skape møteplassar og lage kundearrangement med ulike tema for ulike livsfasar og interesseområde.

Modernisering av lokala våre for å sikre tilgjengelegheit og gode kundeopplevingar

Kategorisering av gåvefondsmidlar etter ESG

Berekraftsgruppa utarbeider plan for implementering av grønne produkt

Samarbeid for å nå måla

UN Berekraftmål Nr. 17



MÅL

- Bygge og styrke samarbeid med andre aktørar som lag, nettverk, organisasjonar, bedrifter og offentlege myndigheiter.
- Dele kunnskap og erfaringar for å fremje berekraftig omstilling, både lokalt og regionalt.

TILTAK

Bidra i berekraftsnettverk og –prosjekt i regionen, og i berekraftsarbeidet i eika alliansen.

Informasjonskveldar rundt berekraft og omstilling - spesielt til BM kundar, og inkludering av berekraft i kundesamtalar.

Dele erfaringar av vårt berekraftsarbeid og miljøfyrtårnsertifisering med kundane våre.

Privatkundar

MÅL

- Auka kunnskap om berekraft hjå rådgjevarar og kundar
- Tilbod av grønne produkt innanfor både lån og sparing med ein tydeleg berekraftsprofil og gode vilkår

TILTAK

- Vidareutdanning og kursing av rådgjevarar innan berekraft
- Arrangere kundekveldar og foredrag til forskjellige tema innan privatøkonomi, energisparande tiltak, mm
- Etablere grønne lån- og spareprodukt



Næringskunder

MÅL

- Auka kunnskap om berekraft hjå rådgjevarar og kundar
- Styrke kundens evne til å tilpasse seg til klimaendringane og nye lover og reglar
- Tilbod av grønne produkt innanfor både lån og innskot med ein tydeleg berekraftprofil og gode vilkår

TILTAK

- Vidareutdanning og kursing av rådgjevarar
- Arrangere kundekveldar og foredrag med ulike tema innan støtteordningar, energisparande tiltak, klima- og naturrisiko og berekraftstrategi
- Etablere grønne lån- og innskotsprodukt



Vår egen drift

MÅL

- Kartleggja og redusere karbondioksidavtrykket vårt
- Miljøfyrtårnsertifisering
- Styrking av kompetanse på berekraft
- 50% kvinneandel i leiar- og ansvarsstillingar

TILTAK

- Oppussing av alle banken sine kontor
- Reisepolicy for reiser mellom kontora og til kundane
- Kjøp av elbilar ved utskifting av noverande bilpark
- Vidareutdanning og kursing av dei tilsette
- Miljøfyrtårnsertifisering i 2025 av alle kontora
- Oppretthalde gode ordningar i bedriftsavtalen for vidareutdanning, og senior- og familiepolitikk



Lokalsamfunn

MÅL

- Være ein nær og sutalaus medspelar
- Styrking av kompetanse på berekraft
- Medverke til å bevare levande bygder og lys i vindauga
- Være en aktiv bidragsytar i bygdeutviklinga i Sogn

TILTAK

- Fortsette det gode arbeidet med gåvefond og sponsormidlar
- Etablering av kontorfellesskap i våre kontor
- Bidra i prosjekt for bygde- og næringsutvikling
- Skape møteplassar
- Desentralisert struktur utan hovudkontor med kontor i Aurland, Bergen, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Sogn Sparebank er med i Eikas felles klimaambisjon

Netto nullutslipp av klimagasser senest innen 2050

1

Hver bank etablerer klimaregnskap med direkte utslipp og vesentlige kategorier for indirekte utslipp for årsregnskapet 2024

2

Etablerer ytterligere delmål i tråd med internasjonale og nasjonale forpliktelser, og tiltaksplaner for å nå delmålene innen utgangen av 2025

3

Årlig reviderer og oppdaterer klimaregnskap, tiltakspakker og delmål i tråd med oppdatert klimaforskning